

Og så kom båt-turistane!

01.04.2010



Egil Høgemark ynskjer Asle Angeltveit velkome til Øyro. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det tok litt tid før dei kom, men no skriv me skjætorsdag og båt-turistane er på plass også i båthamnane våre i Uskedalen.



Seks båtar rundt Sandakaien i føremiddag! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Verten i Øyro Marina, Egil Høgemark, kan i føremiddag melda om 5 nye båtar på besøk medan det var berre 2 båtar med turistar i heile påska i fjor.

Og rundt den nyopprusta Sandakaien ligg det 6 båtar akkurat no - det tyder i høgste grad på at satsinga på å gjera den tradisjonsrike kaien meir brukarvennleg har vore ein fulltreffar!

Ein av dei 5 i Øyro er Asle Angeltveit frå Sotra som kom i sin Sealine på 37 fot og akter å vera her til laurdag. Han var ikkje her under påska i fjor, men har vore påskegjest i Uskedalen tidlegare og svarar kontant når ein spør kvifor han kjem att::

- Det er så triveleg her, roleg og godt. Her kan ein verkeleg slappa av - og ta rusleturar oppover dalen.
- Har du ingenting å klaga på?
- Nei det har eg ikkje, med eitt unntak: No bør det snart bli dekning av det trådlause nettet også på Øyro sitt område!

Av Ola Matti Mathisen